



Yngste gjest blir 1 år fredag: Hanna har røtene sine i Polen

**Cafe TI-aren på tysdagar i Gamleskulen var i 2011 ein stor suksess. Det vart selt for rundt rekna 65 000 kroner medan dei tilsvrande tala for 2010 og 2009 var 48 000 og 50 000
Når strikkekafeane vert teke med hadde kafeen ope 53 gonger og då vart det seld for 1030 kroner i snitt.
2325 vaksne og born var innom og det er 44 i snitt.**



Eldste gjest er snart 89: Randi Halleråker bur i Halsabrotet. Her sit ho mellom Gudrun Eidsvik og Berit Harriet Døsland

Det er eit imponerende resultat når ein tenkjer på at kafeen er ope berre ein gong i veka og ingenting kostar meir enn 10 kroner.

Cafe TI-aren vart opna i september 2007 og er sidan rusta opp gradvis. Det er Uskedalen Utvikling som eig Gamleskulen og som driv kafeen ved hjelp av 25 driftige dugnadsdamer i turnus.

ikkje rart at trioen på vakt var blide då dei i dag vart kjend med summen frå fjoråret som dei med rette var stolte over. Ein av dei, Berit Myklebust, har vore med frå starten og det har også leiaren av foretaket Berit Harriet Døsland, Også ho var som vanleg var på plass og var svært godt fornøgd.

Aldersspennet for gjestene er vanlegvis stort men i dag var det ekstra imponerende - det var frå 1 til 89 år! Fredag rundar Hanna Zmyslona sin fyrste bursdag og det varer ikkje lenge før Randi Halleråker er 89!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Janne Olsson og Berit Myklebust har all grunn til å vera fornøgde med TI-aren